

# MØTEBOK

| Kommune | Styre, råd, utval | Møtestad      | Møtedato | Frå kl. 19.00<br>Til kl. 21.00 |
|---------|-------------------|---------------|----------|--------------------------------|
| Aurland | fjellstyret       | Fjordsenteret | 9.3.10   |                                |

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Per Dale, Anne Karin Buene, Bente Steine, Olav Grønsberg

**Vara-  
medlemar** Erling Nesbø

**Andre** Håkon Øydvin, Harald Skjerdal

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år  
8/10, 9/10, 11/10, 12/10, 13/10, 14/10.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til  
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 9.3.10

Stad: Fjordsenteret

### Sak 8/10. Referat og meldingar

- 1) Møtebok fjellstyremøte 16.2.10
- 2) Innspel i samband med samjaktavtalen for Aurland
- 3) Ny merking av rein utført den 6. mars
- 4) Hardangervidda villreinutval – invitasjon til vårmøte 19.-21 mars
- 5) Høyring på fellingskvote for villrein på Hardangervidda  
Merknad: Fjellstyret støttar forslaget om ein kvote på 2000 dyr, og ei fordeling på 20 % frie,
- 6) Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda – invitasjon til styremøte og årsmøte
- 7) Melding om møte i "campus Aurland" den 6. april
- 8) Innkalling til årsmøte i Aurland Setjefisk BA den 16. mars
- 9) Brev frå Aurland kommune om endra forskrift og retningsliner for motorisert ferdsle i utmark
- 10) Hol fjellstyre si årsmelding for 2009
- 11) Møteplan for fjellstyremøta framover:
  - onsdag 14. april
  - tysdag 18. mai
  - tysdag 8. juni

### Sak 9/10. Avtale om kostgodtgjersle for fjelloppsynet

Det låg føre saksutgreiing med tilråding frå forhandlingsutvalet.

#### **Samrøystes vedtak:**

Forhandlingsmøtet sin konklusjon vert lagd til grunn. (Konklusjonen frå forhandlingsmøtet er at ein vil tilrå fjellstyret å halda på tidlegare ordning, d.v.s. utrekning av diettgodtgjersle etter det regulativet som i vedlagde notat heiter "særavtale for reiser innanlands for statens rekning.").

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 9.3.10

Stad: Fjordsenteret

---

Sak 10/10. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusellen

Det låg føre saksutgreiing og søknad frå arrangørane av jaktkarusellen.

**Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret tildeler eit fellingsløyve for fritt dyr til jaktkarusellen for 2010, til trekning mellom dei som oppfyller krava til deltaking, slik dei er fastsette av arrangørane.

Sak 11/10. Val av medlem og varamedlem til styret for Aurland Setjefisk BA

Saksutgreiing låg føre.

**Samrøystes vedtak:**

Som medlem i styret for Aurland Setjefisk BA innstiller fjellstyret *Anne Karin Buene* med *Gunnar Skahjem* som varamedlem.

Sak 12/10. Saker til årsmøtet for villreinutvalet for Nordfjella

Fjellstyret gjekk gjennom saklista til årsmøtet, utan at det kom fram sterke synspunkt på nokon av dei oppsette sakene, eller på villreinutvalet sine tilrådingar.

Sak 13/10. Utlysing av hjortejakta i jaktfelt nr. 1 i Aurland nordre statsallmenning

Saksutgreiing låg føre.

**Handsaming i møtet:**

Fjellstyret ynskjer at jaktfeltet vert utlyst gjennom "Aurlendingen," i tillegg til gjennom nettportalen iNatur.

**Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret lyser ut hjortejakta i jaktfelt 1 i Nordheimsdalen for perioden 2010-11. Utlysinga skjer gjennom nettportalen *iNatur*, med søknadsfrist 30. april. Det ledige jaktfeltet vert og utlyst gjennom "Aurlendingen."

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 9.3.10

Stad: Fjordsenteret

---

Sak 14/10. Val av medlem og varamedlem til styret for villreinutvalet for Nordfjella  
Det låg ikkje føre saksutgreiing.

### **Samrøystes vedtak:**

Til styret for villreinutvalet vert *Per Dale* attvald som medlem og *Osvald Turlid* attvald som varamedlem for perioden 2010-2011.

---

Aurland, den 10.3.10

Utskrift til fjellstyremedlemene  
og varamedlemene, Aurland folke-  
bibliotek.